

Bygde- og kultursenteret på Vang

Kyrkjene som kom bort

I mellomalderen hadde Oppdal vore ei stor og folkerik bygd, med kanskje halvtanna tusen menneske og ikkje mindre enn fem kyrkjer: på Vang, Ålbu, Lo, Lønset og Nord på Skoga (ved Stavåa). Dei to siste gudshusa er det nok rettast å omtale som kapell. Katastrofen i seinmellomalderen og den dramatiske nedgangen i folketalet førte til at fire av dei fem kyrkjebygningane forfall og kom bort.

Forfallsprosessen har nok gått for seg over lang tid, og enkelte av bygningane kan ha eksistert, så vidt det var, enno på 1500-talet. Da den nye Vang-kyrkja vart bygd i 1650, skal dei ha bruka eit våpenhus frå gammelkyrkja på Ålbu. Og restar av den sirkelrunde kyrkjegardsmuren ved Stavå-kyrkja på Nordskogen fanst enno i 1734. «Gamle ørtuger [myntar] findes endnu i Muren, naar man leder», skriv sokneprest Gjert Juel Feldtmann i ei utgreiing om Oppdal frå dette året. Han fortel også at tomte etter Lønset-kapellet framleis var synleg, som ei lita, rund flate.

Nykyrkja på Vang

Frå slutten av 1500-talet og fram til 1660-åra opplevde Oppdal ein nesten eksplosiv folkevekst, med tredobling av talet på gardsbruk. Sannsynlegvis steig talet på innbyggjarar i løpet av to-tre generasjonar frå godt under tusen til over to tusen. Og stavkyrkja på Vang, gamle St. Edmunds kyrkje (sjå side 21), vart for lita - «meget trang og for snæver» - når ho måtte fungere som einaste gudshuset for fleire tusen menneske. Kapasiteten måtte utvidast, og det kunne skje på to måtar:


ved påbygg eller ved nybygg.

Det ser ut til at oppdalingane til å begynne med ville satse på det første alternativet og utvide den gamle stavkyrkja. Dette går fram av eit brev til lensherren i Trondhjem i 1637, der dei fortel at kyrkja er «thrang» og ber om løyve til «paa worres egen Bekostning, Kiercken Rømme og forbedre paa Begge Sider». Tømmeret var alt framkjørt. Lensherren gav sitt ja til prosjektet, men det vart truleg ikkje gjennomført etter planane. I alle fall reiv oppdalingane 13 år seinare stavkyrkja og bygde nytt gudshus på tomte etter det gamle - ei staseleg og romsleg krosskyrkje i laftverk. Og på St. Gregorius' dag (12. mars) 1651 vart kyrkja høgtideleg innvigd av biskop Erik Bredal.

Det må ha vore hektisk aktivitet oppe på Vang i byggeperioden. Byggerekneskapane viser at mange oppdalingar var engasjerte i prosjektet, anten med vareleveransar eller med arbeid. Blant anna trongst det mye tjære og spiker. Dei brukte tydelegvis om att gammal spiker frå stavkyrkja - ein av utgiftspostane gjeld «300 Ny Spiger och 700 gamle ophuesset [oppkvesst]». Ansvaret for arbeidet hadde to erfarne byggmeistrar som var henta utabygdes, Ole Jonsen og Nils Olsen. Ole Jonsen, som var frå Leksvika, hadde bygd mange kyrkjer i Trøndelag, blant anna Meldal-kyrkja (som dessverre brann for noen år sidan) og kyrkja i Rennebu.

Eit svakt punkt i kyrkjekonstruksjonen var *tårnet*, som vart altfor tungt i forhold til bygningen elles. Eit høgt, ruvande tårn som kunne sjåast på lange avstandar var sjølv sagt ein pryd for kyrkja. Men byggmeisteren til Vangskyrkja var altfor dristig, og tårnet skulle bli eit langvarig problem. Kort tid etter at bygget var ferdig, begynte det å sige, og foten måtte stivast opp med jern og stor spiker. Men alt i 1674 var det krise att, for no heldt tårnet på å «sige Ned mit udi Kirchen». Da måtte det tilkallast ekspert utafra, Knud Kirchebygger, og han forsterka fundamentet radikalt, blant anna med stolpar som vart plasserte under tårnet inne i kyrkja. Men heller ikkje dette løyste problemet. Det blir fortalt at dei ein gong på 1700-talet måtte feste ei svær hampetrosse til tårnet og dra det i rett stilling att. Det var da blitt så skeivt at det kunne falle ned. Tårnproblematikken førte blant anna til at veggene i kyrkja kom litt ut av stilling, og dei er framleis ein tanke skeive. Men no er tårnet omsider blitt skikkeleg avstiva.

Tårnet er prydd med kule og fløy (metallvimpel), som er plasserte på ei lang fløystong. Det var Peder Smed ved koparverket på Kvikne som smidde stonga av stangiern (bergmalm), mens ein kopparslagar tok på seg arbeidet med kula og fløya. Så kom den kjende målaren



Prestegarden og kyrkja på Vang har vore motiv for mange kunstnarar og fotografar gjennom tidene. Denne akvarellen frå 1873 er laga av Edvard Karl Diriks. Vi ser Raulåna til venstre, men elles har prestegarden forandra utsjånad ganske radikalt sidan Diriks festa han til papiret.

Johan Hansen «Kontrafeier» opp frå Trondhjem og forgylte både kule og fløy. Dyrt vart det, men litt av eit syn må det ha vore - især når sola blenkte i gullet.

I dag er Vangskyrkja kvitmåla. Men i gammal tid hadde ho heilt andre fargar. Veggene var innsette med tjære iblanda raud jordfarge, mens taket - det var bordtak den gongen - vart breidd med vanleg tjære. Det må ha vore ein vakker, om enn noe tungsam fargekombinasjon.

Opphavleg hadde ikkje ytterveggene panel. Det var presten Hans Bernhoft som i 1660-åra sørgde for at kyrkja fekk bordkledning. Han ønskte nok at ho skulle bli tettare og varmare - men kanskje enda viktigare for han var det å få ho i stil med bygningsmoten i by- og embetsmannsmiljø. På oppdalsgardane fanst ganske sikkert ikkje eit einaste panelt hus på denne tida. Panelborda, som var svært grove, og som vart festa til tømmeret med trepluggar, fekk presten frå saga si ved Stavåa på Nordskoggen. Anders Roaldsen hadde sett opp denne saga da kyrkja skulle byggjast, og ho kom vél med da etterfølgjaren heldt fram med byggearbeidet på Vang og blant anna førte opp prakthuset Raulåna.

I dag har kyrkja tak av leirskifer frå eit steinbrot ved Gjesengerdalen.

Sannsynlegvis vart bordtaket skifta ut ein gong på slutten av 1700-talet. Det noverande taket er frå 1870-åra. I 1840-åra kom det også på tale å kle kyrkja utvendig med skiferstein, men det vart med tanken.

Dei mest radikale endringane i Vangskyrkja i seinare tid fann stad i åra rundt 1880. På fleire vis er siste halvdel av 1800-talet ein trist periode i historia til norske kyrkjer. Gudshusa skulle moderniserast som så mangt anna på den tida, og der dei var blitt for små i forhold til folketalet, vart det nybygg. I denne prosessen vart mange stavkyrkjer frå mellomalderen rivne og øydelagde, mens andre gamle kyrkjebygg vart ombygde på ein måte som mange i vår tid vil karakterisere med ordet vandalisme.

Også Vangskyrkja fekk ein heller ublid medfart. I ettertid har det vore noe diskusjon om kor mye gammal kunst og anna verdifullt inventar som vart kjørt bort og øydelagt. Ole P. Haugseth, mangeårig ordførar i Oppdal, skreiv i eit brev om dette i 1926 at «det maa beklages at bygmester Olsen viste saa liten sans for bevarelsen av kirkens fortidsminder, at han kunde anbefale at de blev fjernet og ødelagt». Spesielt ille synest Haugseth det var at dei kasta ut den vakre 1600-tals baldakinen over preikestolen. Storparten av «moderniseringsarbeidet» vart utført i 1884. Da panelte dei også tømmerveggene innvendig og skifte ut dei faste benkene med lause. Veggpanelet, som var av ein ganske enkel og lite dekorativ type, vart sidan måla i ein lyseraud farge som er blitt karakterisert med ordet «søtsuppe».

I 1872 vart det utført ei grundig opprydding i kyrkjekjellaren. Her hadde embetsfolk i bygda i eldre tid fått siste kvileplassen sin. Det blir sagt at heile førti lik - det eldste frå 1685 - vart tekne ut og gravlagde på kyrkjegarden.

I 1951 var tida komen for trehundreårsjubileum i Vangskyrkja. Da fekk ho si hittil siste storomvøling, som var grundig planlagt av restaureringseksperter, med professor Erling Gjone i spissen. Holdningane til fortid og kulturvern var no ei heilt anna enn da dei moderniserte i 1880-åra. Mye arbeid vart lagt ned for å klarleggje historia til kyrkja og få ei restaurering som let dei historiske kvalitetane kome til sin rett. Veggpanelet vart fjerna, og dei heller lite sittevennlege benkene frå 1880-åra vart bytte ut med nye, faste benker. Restar av gammalt inventar og kunst som var funne under restaureringa, fekk plass inne i kyrkja, og samtidig vart lokale kunstnarar engasjerte til å smykke ut kyrkja med treskurd og rosemåling.

Slik vart fortids og notids kunstuttrykk bunde saman.

Restaureringsarbeidet tok to år. 23. august 1953 vart så kyrkja gjenopna av biskop Arne Fjellbu, og han valde same bibelteksten for dagen som biskop Bredal i 1651.

Ein rundtur i kyrkja

Altartavle og preikestol i bruskarokk

Straks vi stig inn, blir blikket uvilkårleg trekt opp mot den store, etasjedelte altartavla, som Jens Snekker laga da kyrkja vart bygd. Han fekk også i oppdrag å snekkere preikestol og ein skrankevegg mellom koret og sjøve kyrkjerommet. Denne skiljeveggen, som skal ha vore vakkert dekorert, vart teken bort for fleire hundre år sidan. 25 veker brukte Jens Snekker på arbeidet, og lønna var 111 dalar, da heldt han kosten sjølv.

I nesten tju år stod trearbeidet til Jens Snekker umåla, sannsynlegvis av økonomiske grunnar. Men i 1669 kom målarer Niels Nielsen hit og «stafferte» både preikestol, altartavle og skrankevegg. Også det vart kostbart, men det lykkast å skaffe utabygds sponsorar, for å bruke vår tids språk, til å betale for altartavla: ekteparet Jesper Balchenborg og kona Dorte Henriksdatter Rytter. Enno står preikestolen og altartavla med den opprinnelege målinga, når vi ser bort frå noen parti som i seinare år vart overmåla med blått.

Arbeida til Jens Snekker avspeglar sjølv sagt den tids kunstretning: barokken. Både altartavle og preikestol er gode eksempel på såkalla *bruskarokk*, prega av overdådig og snirklete ornamentikk. Altartavla er utforma med Jesu lidingshistorie som det sentrale motivet - også eit tidstypisk trekk.

«Storfolklemmen»

Oppå vegg til venstre i koret er eit galleri, med plass til noen få personar. Det vart sett opp av generalmajor Johan Hammond, sjef for *Opdalske kompani*, ein gong mot slutten av 1700-talet. Kompanisjefen ønskte å heve seg over allmugen, bokstaveleg tala, også i Guds hus. Anar vi ein snev av respektlaus ironi i namnet «Storfolklemmen», som bygdefolket bruka om dette galleriet? Men heller ikkje dei fann seg sitjeplassar tilfeldig og etter fritt val i kyrkja. Grender og gardar hadde faste plassar, kvinner og menn sat kvar for seg.

Det «dobbeleksponerte» maleriet

Mang ein gjest i kyrkja har nok uvilkårleg rykt til da han studerte det gamle maleriet av presten Anders Roaldsen Blik og familien hans. Under portrettet av eit av barna kan vi skimte konturane av eit bleikt, alvorleg ansikt, nesten som eit spøkelse som tittar fram. Men forklaringa på dette fenomenet er ganske prosaisk. Det er eit resultat av sparsemd og «tidens tann» i kombinasjon. Maleriet vart analysert med hjelp av moderne teknologi og restaurert av Riksantikvaren for ein del år sidan, og restaureringsrapporten gjer grundig greie for historia til dette første kjende familiebildet frå Oppdal.

Mannen på bildet, Anders Roaldsen Blik, var sokneprest i Oppdal frå 1634 og fram til han døde i 1662. Han var altså prest da kyrkja vart bygd. I Oppdal gifte han seg med dottera til forgjengaren sin, Lucie, og saman fekk dei 11 barn. Ein gong i første halvdel av 1640-åra let dei seg avbilde på lerret saman med dei seks barn dei hadde fått så langt. Det var skikk og bruk at embetsfolk fekk laga portrettmaleri av seg sjølve og gjerne også av familien, og omreisande målarar, såkalla «contrafeiere», hadde spesialisert seg på denne kunstarten. Så gjekk åra, og barneflokket auka. Tidleg i 1650-åra, truleg på same tid som nykyrkja vart reist, bestemte Anders og Lucie seg for å ajourføre maleriet. Dei hadde fått 11 barn no, 10 var i live, og dei rekna vel ikkje med at det ville kome fleire (det gjorde det da heller ikkje). Og så vart ein kunstnar - etter alt å dømme den same som sist - engasjert til å portrettere familien. No er det sparsemda kjem inn i bildet, bokstavleg tala. For å spare pengar bruka dei same lerretet som sist. Det måtte ein del ommøbleringar til for å få plass til dei seks nye ansikta. Men mor og far kunne stå slik dei var, og verkar unekteleg ungdommelege mellom sine elleve barn.

Eitt av barna døydde ung, berre tre-fire år gammal. Men skikken kravde at også det skulle ha sin plass på bildet. Dei ti andre voks opp, og fekk livsløp som var heilt typiske - vi kan nesten seie obligatoriske - for embetsmannsbarn i eldre tid. Ingen av dei vart gifte med folk av bondestand i Oppdal, sjølv om dei nok var kjende med ungdom på gardane rundt og kanskje hadde hemmelege, søte draumar. Dette veit vi sjølsagt ikkje noe om. Men sikkert er det at det ville ha vore ganske uhørt å stige over dei sosiale grensene og finne seg ein lokal ektemake av bondeætt. - Alle barna tok etternamnet til bygda: *Oppdal*.

Dei fem gutane utdanna seg til yrke som var akseptable for folk av embetsstand: *Erik* vart forstandar for hospitalet i Trondheim, mens *Hans* valde ein militær karriere og fekk løytnants grad. Han døydde i



Sokneprest Anders Roaldsen Blik med familie, måla i to omgangar. Den første versjonen av bildet, frå tidleg i 1640-åra, kan så vidt skimtast under den siste, som truleg er bortimot ti år yngre. Skikken på den tida tilsa at også døde barn skulle vere med på familiebilde, men dei fekk gjerne ei spesiell plassering i utkanten av bildet.

Aust-India. *Anders* vart kjøpmann, og også han døydde i Aust-India. Sannsynlegvis var dei to brørne knytte til hamnebyen Tranquebar, som tilhørte det danske Ostindia-kompaniet. *Roald* vart borgarmeister i Trondhjem, mens *Henrik* slo inn på teologi og fekk presteembete i Hole på Ringerike. Jentene på si side slapp å velje utdanning og yrke, for deira livsoppgåve var å bli kjærleg hustru for ein mann frå same stand. Og alle Bernhoft-jentene fann seg ein prestemann: *Elen* vart gift med Hans Bernhoft, prest i Oppdal etter far hennar, *Maren* med presten i Elverum, *Karen* med presten i Holtålen, *Inger* med presten i Vestre Moland, *Kirsten* med presten i Melhus. I denne familien var det ingen sosial opprørar.

Også Hans og Anders Bernhoft, etterfølgjarane til Anders Roaldsen i presteembetet, har fått portretta sine på kyrkjeveggen. Kanskje legg vi spesielt merke til maleriet av Anders, som ber tydeleg preg av sjukdom og lidning. I våpenhuset mot vest heng portrettmaleri av prestane Gjert Juel Feldtmann (1722-43) og Cornelius Thomas

Rønnau (1802-22). Begge desse portretta er måla i seinare tid, etter eldre bilde.

Jernluka i veggen: første «kommunearkivet»

I ein stokk i veggen bak altaret er det hogge inn ei opning med ei grov jernluka framfor. Luka er stengd med ein solid *futullås*. I dette avlukket gøymde oppdalingane i lange tider dei mest dyrebare dokumenta sine: kongebreva som gav dei store skattereduksjonar. Eldste brevet var frå 1400-talet, frå regjeringstida til Kristian 1. Sidan vart skatteprivilega stadfesta av nye kongar i tur og orden fram til midten av 1700-talet, og breva låg i rommet bak altaret. Tryggare gøymestad fanst ikkje i bygda. Kanskje var det også oppkvikkande for kyrkje-folket å bli minte om denne verdifulle særretten, som mange hadde grunn til å misunne dei. Hovudårsaka til at oppdalingane fekk skattefritak, var trafikken over fjellet og pliktene og børenene som følgde med den. Det barske klimaet og problema med å få moge korn spela også inn. Oppdalingane - og ikkje minst prestane deira - var flinke til å få fram kor vanskelege levekåra var her oppe under Dovrefjell, og dette var ein argumentasjon som dei styrande i København hadde forståing for. Frå slutten av 1500-talet fekk oppdalspresten tildelt inntektene av *St. Antonii prebende*, eit jordegods i Trøndelag med mange gardar som kyrkja hadde råderetten over.

Alle skattebrev - frå Kristian 1. og like fram til «vor nu regjerende allernaadigste Konge» - låg i kyrkja så seint som i 1734, da sokneprest Gjert Juel Feldtmann skreiv ei lengre utgreiing om tilstandane i Oppdal. Men førti år etter reiste historikaren og skulemannen Gerhard Schøning gjennom Oppdal, og da var dei borte. Og grunnen skulle vere at oppdalingane ville ha breva på ein tryggare stad. Schøning undra seg over dette, for det eldgamle skattefritaket til Oppdal var på den tid ikkje gyldig lenger. Og kvifor slik omsut for breva da? Ingen veit i dag kvar privilegiebrev frå veggen i oppdalskyrkja har teke vegen. Sannsynlegvis eksisterer dei ikkje lenger - eller kanskje vil dei dukke fram ein vakker dag frå eit gammalt loftstrom i bygda?



Altartavla, med motiv frå Jesu lidingshistorie - eit vakkert stykke barokkunst utført av Jens Snekker og Niels Nielsen. I veggjen attom altartavla, bak ei jernluke med lås (markert med sirkel på bildet), gøymde oppdalingane dei mange kongebreva som gav dei skattefritak frå seinmellomalderen og fram til 1700-talet.

Maleria frå stavkyrkja

Våpenhuset eller dåpsrommet mot vest skal i følgje ei påliteleg kjelde frå 1600-talet vere oppført av treverk frå koret i gamle St. Edmunds kyrkje. Eit veggparti i dette rommet er dekorert med maleri som viser apostlar og andre bibelmotiv. Reint umiddelbart kan bilda gje inntrykk av mellomalder, men fagfolk reknar med at dei vart til ein gong tidleg på 1600-talet, og at dei kan vere vitnemål om at den



Desse malevia i dåpsrommet var opphavleg ein del av koret i St. Edmunds kyrkje. Sannsynlegvis vart dei laga av ein omreisande kunstnar ein gong i første halvparten av 1600-talet, ikkje så lenge før stavkyrkja vart riven. Men veggplankane er mye eldre. Årringsanalysar viser at dei skriv seg frå 1200-talet, og vi kan følgeleg rekne med at St. Edmunds kyrkje vart bygd på den tida.

gamle stavkyrkja gjekk gjennom ei oppussing ikkje så lenge før oppdalingane bestemte seg for å bygge eit nytt og større gudshus.

Raulåna - Oppdals «herrestue»

Ved første augnekast

verkar ikkje Raulåna spesielt interessant. Bygningen har ei tradisjonell form og kjem noe i skuggen av den prangande naboen, kyrkja. Men i realiteten er Raulåna ein av dei mest verdifulle og interessante bygningane vi har i Norge frå 1600-talet. Og dette huset har i mange år vore eit av dei mest forsømde og vanstelte kulturminnesmerka i distriktet.

Som kyrkja har Raulåna ei fløystong av jern. På fløyen står årstalet